



Sak nr 26/2012

Møtedato: 20.6.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## **Elgjakt for ungdom – gratis grunnavgift**

Fjellstyret har i vår regulert opp prisen for elgjakt. Vi har fått tilbakemeldingar på at dette var ein stor prisauke, spesielt med tanke på å rekruttere ungdom til elgjakta.

Fjellstyret har over lengre tid arbeidd med rekruttering av ungdom til jakt og fiske. For ungdom tom 20 år dekkar fjellstyret kostnadane til jegerprøve og gir gratis jakt- og fiskekort. Fjellstyret kan vurdere om vi skal innføre gratis grunnavgift for elgjakt slik at dette blir meir likt småviltjakt og fiske. Grunnavgifta blir då redusert forholdsmessig ut frå kor mange jegerar som er under 21 år.

### **Vedtak:**

Fjellstyret vedtek gratis grunnavgift for ungdom under 21 år. Grunnavgifta blir redusert forholdsmessig ut frå kor mange jegerar som er under 21 år.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.12

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Elgjaktlaga